



PROSEDYRE FOR KJEMIKALIEHANDTERING

FØREMÅL:

Seljord kommune skal gjennom eit systematisk helse, miljø- og tryggleiksarbeid sørge for at det til einkvar tid skal vera ein ajourført oversikt over HMS-datablad. Føremålet er å sikre at oppbevaring, bruk av helsefarlege og giftige stoff, brannfarlege eller helsefarleg biologisk materiale, utførast fullt forsvarleg.

Med desse tiltaka ynskjer me å:

- verne helse og miljø mot negative påverknader av kjemikaliar
- førebygge forureining som har sin årsak av kjemikaliar
- gjera den einskilde avdeling bevist og kvar enkelt medarbeidar på eige ansvar for å beskytte helse og miljø og førebyggje forureining.

ANSVAR OG MYNDE:

AMU har ansvaret for:

- at det er etablert system som sikrar forsvarleg kjemikaliehandtering.
- opplæring i bruk av kjemikaliesystemet.

Avdelingsleiar har ansvaret for:

- innan **01.05** kvart år skal alle einingane ajourhalde datablada i papirversjonen.
- å utarbeide rutinar for å gje melding til AMU ved fyrstegongs innkjøp av kjemikaliar.
- å sikre at medarbeidarane i avdelinga har tilgang til og tilstrekkeleg kunnskap om stoffkartotek og produktdatablad.
- at tilsette blir gjort kjent med avdeling sine rutinar og system for oppbevaring og arkivering av HMS-datablad. Tilsette skal bli gjort kjent med papirversjon og webversjon.

Kvar einskild medarbeidar pliktar å:

- vurdere risiko ved eigen kjemikaliebruk.
- verne helse og miljø.
- førebyggje forureining.
- melde frå om manglar som handlar om HMS-datablad.
- gjere seg kjent med felles web-basert kjemikaliedatabase.

LEVERING AV SPESIALAVFALL

Lysstoffrør, bilbatteri, sparepærer, sprayboksar, propanflasker, restar av flytande måling og andre stoff merka farleg skal bringast til miljøstasjonar! For private husstandar er det på Statoil i Seljord, for offentlege avdelingar er det Renovest i Brunkeberg.

Impregnera material og asbest skal leverast til dei betjente avfallsmottaka, Renovest i Brunkeberg.

DEFINISJONAR:

Kjemikalie og kjemiske produkt:

Ein felles uttrykk for kjemiske preparat, uorganiske og organiske, som framstilast gjennom kjemiske metodar i laboratorium eller fabrikkar. Kjemikaliar er både kjemiske stoff og blandingar av kjemiske stoff. Kjemikaliar finast både i flytande og fast form, eller som gassar. Eit stoff regnast som miljøgift dersom stoffet kan skade miljøet sjølv når det bare førekjem i låge konsentrasjonar eller i små mengder.

Miljø:

Våre omgjevnader sett i både mikro- og makro/globalt perspektiv; luft, vatn, jord, naturressursar, planteliv, dyreliv og menneske, inkludert samanhengar og samhandlingar mellom menneske.

Miljøpåverknad:

Alle endringar i miljøet, både positive og negative som heilt eller delvis skuldast organisasjonen sine aktivitetar, produkt eller tenestar.

Miljøaspekt:

Del av organisasjonen sine aktivitetar, produkt eller tenestar som kan innverke på miljøet. Når eit slikt aspekt har eller kan ha ei betydeleg miljøpåverknad, skildrast det som eit betydeleg miljøaspekt.

Klassifisering:

Klassifisering av eit stoff inneber å plassere stoffet i korrekt fareklasse i samsvar med føreskrift om klassifisering, merking med meir av farlege kjemikaliar med tilhøyrande føreskrift om kriterium for klassifisering av farlege kjemikaliar.

Substitusjonsplikt:

Verksemder som nyttar produkt som inneheld kjemiske stoff som blant anna kan medføre helseskade og forstyrning av miljøet (økosystem, forureining, avfall, støy).

Verksemda skal då vurdere om det finst alternativ som medfører mindre risiko for slik verknad. Om det finst alternativ, skal verksemda velje det produktet som medfører minst skadeverknad, om det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

GENERELL INFORMASJON:

Faresymbol:

Faremerka produkt må handsamast med respekt. Lær deg tydinga av faresymbola og ta de riktige forholdsreglar når du oppbevarer, bruker eller kvitter deg med slike produkt.



**MEGET
BRANNFARLIG**

Antennes veldig lett ved romtemperatur.



**EKSTREMT
BRANNFARLIG**

Antennes veldig lett sjølv ved lav temperatur.



OKSIDERENDE

Sterkt varmeutviklende i kontakt med andre stoff. Kan føre til brann.



EKSPLOSIV

Kan eksplodere i kontakt med ild, ved støyt eller friksjon.



IRRITERENDE

Kan medføre betennelsesreaksjon i augo, på huda og i luftveiene.



ETSENDE

Kan ved kontakt føre til varig skade på hud, svelg eller augo.



HELSEKADELIG

Relativt små mengder kan forårsake kroniske skader, forgiftning eller død.



GIFTIG

Små mengder kan forårsake kroniske skader, livsfarlig forgiftning og død.



MEGET GIFTIG

Svært små mengder kan forårsake kroniske skader, livsfarlig forgiftning og død.



MILJØSKADELIG

Utslipp kan medføre fare for miljøet.

HJELPEMIDDEL OG FORKLARINGAR TIL "DATASYSTEMET":

Søkemotor:

Ved søk i basen kan ein for eksempel søke etter alle kreftframkallande stoff, etsande stoff osv. Ein oversikt over kva for stoff det gjeld kjem då fram. Eit nyttig verktøy i det systematiske arbeidet med å erstatte kreftframkallande kjemikaliar med mindre miljøbaserte kjemikaliar.

HMS datablad:

Alle HMS datablad er lagt inn elektronisk. Ved å dobbeltklikke på produktnamnet vil ajourført datablad bli tilgjengeleg. Denne kan ein lese på skjermen eller skrive det ut.

Verneblad:

Verneblad er ein kortversjon av eit heilt datablad. Eit heilt datablad er på 16 punkt → ca. 6 stk A4 sider. Vernebladet er på ei A4 side og inneheld dei nyttigaste hovudpunkta i eit heilt datablad. Denne kan ein lese på skjermen eller skrive det ut.

Etikettar:

Etikettar er aktuelt når ein skal dele opp kjemikalie i mindre emballasje. Oppbevaringa på ny emballasje blir etter føreskrifta når etikett i A5, A6 eller A1 format nyttast.

Kort for uhell under transport:

Skal nyttast når større mengde kjemikaliar skal transporterast frå ein stad til ein anna.

Hanskeguide:

Ein fagleg oversikt og tabell over kva for hanskar ein skal nytte til dei ulike stoffa. Rett bruk av verneutstyr er viktig for alle brukarane.

Maskeguide:

Ein fagleg oversikt og tabell over kva for masker ein skal nytte til dei ulike stoffa. Rett bruk av verneutstyr er viktig for alle brukarane.

Fyrstehjelpsguide:

Det er ein guide til brukar dersom uhellet skulle vera ute.

Vedteke i Arbeidsmiljøutvalet 20.09.06